

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545 4. etg
Dato	20.10.2021
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Digitale dokument til møtet finnes på www.kontrollutval.no/alesund

Sakliste

- PS 33/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 34/21 Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor - Ålesund kommune
- PS 35/21 Revisjon og kommunikasjonsplan 2021
- PS 36/21 Medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT for Ålesund kommune
- MS 01/21 Engasjementsbrev og erklæring om revisor sitt sjølvstende - Møre og Romsdal Revisjon SA
- MS 02/21 Oversikt saker 2021 per 01.09.2021

Ålesund, 13.10.2021

Terri-Ann Senior

Solveig Kvamme
Rådgjevar

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 33/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato
20.10.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE



MØTEBOK

Møtedato: 01. september 2021 kl. 16.00

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok: Kåre A. Hanken, Terri-Ann Senior, Jannicke Strømmen og Knut Helge Vestre

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme.

Frå kommunerevisjonen deltok konstituert leiar Kurt Løvoll og på sak 27/21 og 28/21 deltok oppdragsansvarleg revisor Anne Jorunn Vatne og revisor Anne Oterhals via Teams.

Frå administrasjonen i Ålesund kommune møtte konstituert kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen og stabssjef økonomi og verksemdsstyring Lars Fylling under sak 27/21 og 28/21.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet

Sak nr.: 26/21

Møtedato: 01. september 2021

Sakshandsamar: Solveig Kvamme

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 26.05.2021

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå møtet 26.05.2021 slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 27/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

ORIENTERING OM ØKONOMI VED KOMMUNEDIREKTØR

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

Kontrollutvalet takkar konstituert kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen og stabssjef økonomi og verksemdsstyring Lars Fylling for grundig og informativ informasjon om status for den økonomiske situasjonen i kommunen og om arbeidet med handlings- og økonomiplan i eit meir langsiktig perspektiv.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 28/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL - RAPPORT FRÅ REVISOR

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

Oppdragsansvarleg revisor Anne Jorun Vatne og revisor Anne Oterhals gjekk gjennom rapporten. Konstituert kommunedirektør gav utvalet ytterlegare informasjon om kva som er gjort knytt til dei forhold som er omtala i rapporten.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek revisjonen sin rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2020 til vitande.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 29/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

BUDSJETTFORSLAG 2022 KONTROLLARBEID ÅLESUND

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tilrår ei budsjettramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 3.450.000,- slik:

1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 50.000,-.
2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 3.400.000,-.
Fordelt på kr 2.300.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 1.100.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 30/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

STATUS FORVALTNINGSREVISJON SJØLVKOST INNAN TEKNISK SEKTOR

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

Konstituert leirar i Møre og Romsdal revisjon SA Kurt Løvoll gav ein statusrapport om arbeidet med forvaltningsrevisjonen. Rapporten skal vere er klar for handsaming på neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 31/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

EIGARSKAPSKONTROLL

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08. 2021

Tilråding til vedtak frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tilrår at det vert gjort eigarskapskontroll på og ber om at det vert utarbeidd ein prosjektplan for dette til neste møte i utvalet.

Leiar Bente Bruun fremma på vegne av utvalet følgjande tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få saka tilbake på eit seinare møte for å få meir kunnskap om selskapa, før utvalet bestiller eigarskapskontrollen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få saka tilbake på eit seinare møte for å få meir kunnskap om selskapa, før utvalet bestiller eigarskapskontrollen.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 32/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

MELDINGAR

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 23.08.2021

- a) Protokolltilførsel frå tre kommunestyrerepresentantar, om oppfølging av sak - tilsetting av kommunedirektør
- b) Oppfølgingsliste over kontrollutvalet sine saker 2020 og 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Møtet var slutt kl. 18.45

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Terri-Ann Senior

Nestleiar

(sign.)

Jannicke Strømmen

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 34/21	Ålesund kontrollutval	20.10.2021

Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren merke seg dei utfordringar som har vore knytt til kryssubsidiering og ta det med i det vidare arbeid med etablering av eit nytt renovasjonsselskap.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren sikre at pliktig avsetning til etterdriftsfond vert handtert i tråd med revisor si tilråding.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova sin § 23-3 og er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltninga i kommunen.

Forvaltningsrevisjonen si rolle er å undersøke om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, planer og vedtak i kommunen.

Ålesund kontrollutval vedtok i sitt møte 09.12.2020 sak 43/20 å bestille ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon på sjølvkost innan teknisk sektor, med bakgrunn i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon. Då Ålesund kommunestyre handsama Plan for forvaltningsrevisjon i sitt møte 10.11.2020, gjorde dei eit tilleggsvedtak der dei ber kontrollutvalet gjere ei vurdering av kor stor del av sjølvkosten i byggesaker som skuldast klagebehandling. Dette er kommentert i rapporten.

På bakgrunn av framlagt prosjektplan vart det 28.01.2021 sak 04/21 gjort følgjande vedtak:
Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innan temaet sjølvkost innan

teknisk sektor, i tråd med vedlagte prosjektplan.

Det som vart valt ut som aktuelle sjølvkostområde for forvaltningsrevisjonen ligg i hovudsak innan kommunalområdet Miljø-, by- og stadutvikling. Det er her vi mellom anna finn verksemdene:

- Vatn og avløp
- Plan, byggesak og geodata.

I tillegg så ynskte kontrollutvalet at renovasjon vart tatt med. Det er som kjent Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) som handterer hushaldsrenovasjonen for kommunen.

Problemstillingane revisjonen har nytta er:

1. Har Ålesund kommune rutinar som sikrar god handtering av sjølvkostområda
2. Er sjølvkostgebyra i samsvar med regelverket?
3. Blir over/underskot og fond innanfor sjølvkost handtert i samsvar med regelverket?

Vurdering:

Revisjonen har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt forvaltningsrevisjon på, nemleg sjølvkost innan teknisk sektor.

I rapporten kjem det greitt fram kva metode dei har nytta og korleis dei har gjennomført forvaltningsrevisjonen. Dei viser i innleiinga til rapporten til avgrensing, kva sjølvkost er og korleis kommunen har organisert dette.

Dei har både innleiingsvis og avslutningsvis i rapporten eit avsnitt med konklusjon og tilrådingar, samt at dei gjev ei vurdering knytt til kvar problemstilling. Slik sekretariatet ser det har dei levert på bestillinga.

Framdrift og timeforbruk:

Ved overlevering av rapporten vart det opplyst om at det hadde gått med 350 timar. Dette er innanfor det som var estimert i prosjektplanen. Rapporten skulle vore overlevert 10.06.2021. Sein levering vert forklart med upårekne fråvær både hjå revisjonen og i aktuelt kommunalområde.

Den enkelte problemstilling og funn:

Problemstilling 1: Rutiner.

Dokumentet «Heilskapleg styring, leiing og internkontroll i Ålesund kommune» vert trekt fram. Dette dokumentet vart kontrollutvalet gjort kjent med av kommunaldirektøren i utvalet sitt møte 26.05.2021. Kontrollutvalet peika då på verdien av oppfølging gjennom leiaravtalane.

Dette er omtala nærare på s. 13 og 14 i rapporten og revisor viser til at dei overordna dokumenta som oppdragsbrev, leiaravtalar og rutiner for rapportering er utarbeidd. Revisor peiker vidare på at internkontrollen ikkje fullt ut er tilfredsstillande innan sjølvkostområdet og rår til at kommunedirektøren arbeider vidare med dette. Samt at årshjulet kunne vore meir konkret på kva som skal skje i den enkelte fase.

Problemstilling 2: Sjølvkost

Revisor har gått gjennom sjølvkostrekneskapen innan vatn, avløp og renovasjon, samt plan og byggesak. Revisor peikar på at det å rekne ut sjølve gebyra er ei omstendeleg oppgåve. Difor nyttar kommunen konsulenthjelp frå EnviDan AS til dette. Revisor viser til at handteringa er basert på den praksis som er vanleg.

Likevel viser revisor til at der er ein uheldig praksis knytt til dei indirekte kostnadane. Dette omtaler revisor i sin rapport på side 32 og 33. Revisor rår kommunen til å arbeide vidare med å gå gjennom dei indirekte kostnadane.

Når det gjeld kryssubsidiering så viser revisor til at det er kommunen sitt ansvar for at dette er i tråd med regelverket og som ber ansvaret for å dokumentere. Det kan synast som om kommunen ikkje etterspør denne dokumentasjonen og då vert det vanskeleg for kommunen å kvalitetssikre at denne tenestutvekslinga er innanfor sjølvkost. Dette har vore ei utfordring over tid og sekretariatet minner kontrollutvalet om at ein gjennom eigarskapskontroll kan sjå nærare på eigar sin praksis med å etterspørje nødvendig dokumentasjon frå dei selskapa ein står som eigar for.

Kommunen er i gang med å sjå på ei ny organisering for Årim IKS og Bingsa AS i eit nytt selskap og avtalen med Tafjord Kraftvarme AS går ut i 2022. Revisor peiker på at utfordringane knytt til kryssubsidiering då kan verte løyst.

Problemstilling 3: Over-/underskot sjølvkostfond

Kommunestyret bad om at ein særskilt såg på kor stor del av sjølvkosten i byggesaker som skuldast klagebehandling. Revisor kommenterer dette på s 34-35 og s. 39-40 i sin rapport. Rapporten svarar ikkje ut kor stor del av sjølvkosten som skuldast klagebehandling. Det er eit økonomisk ta for kommunen når fristbrot oppstår. Det rapporten peikar på er at kostnadane ved klagebehandling ikkje kan inngå i sjølvkostrekneskapet.

Revisor finn at handteringa av overskot og underskot til fond er rett handtert.

Revisor rår kommunen til å finne ein måte å rapportere utrekninga på, slik at innbyggjarar og politikarar lettare kan forstå bakgrunnen for fastsetting av gebyra.

Når det gjeld etterdriftsfond så meiner revisor at det skal gjerast ei pliktig avsetting til desse fonda og ikkje berre på det overskytande frå sjølvkostrekneskapen slik det vart gjort i 2020.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

I revisor sin rapport vert det opplyst i forordet om at kommunedirektøren ved kommunalsjef i aktuelt kommunalområde og hans stab, i sitt høyringssvar innleiingsvis peikar på at tilhøva er godt skildra og at kompleksiteten med det vil vere enklare å forstå.

Vidare peikar kommunedirektøren på at dei deler den bekymring som kjem fram kring internkontrollen og om der er gode nok krav til dokumentasjon. Men at ein ynskjer å finne ein måte til å ta tak i det som er avdekka og prioritere ressursar til å utføre det.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor - ferdigstilt 06.10.2021

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 35/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato
20.10.2021

Revisjon og kommunikasjonsplan 2021 Ålesund kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for revisjon og kommunikasjon 2021 til vitande

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og ei felles forståing av oppgåvene, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar med å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte, ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjon og revisjonsarbeidet.

Dette kan omfatte:

- revisor si sjølvstendeerklæring
- kvalitetskontroll hjå revisor
- avtaler mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevingskontroll)
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha.

Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, samt om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføringa.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på.

Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Vedlegg

Revisjon- og kommunikasjonsplan - Ålesund kommune 2021 - orientering frå revisor

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2021

ÅLESUND KOMMUNE

ORIENTERING | KONTROLLUTVALGET 20. OKTOBER

Revisjonsteamet 2021

- ▶ Linn Gunnhild Pettersen Oppdragsansvarlig og statsautorisert revisor
- ▶ Anne Oterhals Team manager og statsautorisert revisor
- ▶ Ann-Kristin Melseth Regnskapsrevisor
- ▶ Randi Kalvatsvik Regnskapsrevisor



Tids- og kommunikasjonsplan

3

	mar 21	apr 21	mai 21	jun 21	jul 21	aug 21	sep 21	okt 21	nov 21	dec 21	jan 22	feb 22	mar 22	apr 22
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Revisjon av årsregnskapet														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget														

REVISJONSPLAN 2021

ÅLESUND KOMMUNE

Identifiserte risikoer 2020

Virksomhetsstyring:

- ▶ Økonomisk handlingsrom: Regnskapsmessig merforbruk fra de gamle kommunene på 43,9 MNOK fra 2019, samt merforbruk i kommunekassen på 97 MNOK fra 2020, må dekkes inn senest i løpet av 2022. Manglende inndekning i 2022 vil medføre innmelding i ROBEK.
- ▶ IT kontroller for Visma Enterprise
- ▶ Mangler vedrørende helhetlige kontrollrutiner (må ses i sammenheng med etablering av ny kommune, og sen regnskapsavleggelse for 2019)
 - ▶ Flott at kommunen foretar en «prøveavslutning» av årsregnskapet per august-tall, slik at man i større grad er forberedt på årsoppgjøret 2021.
- ▶ Budsjett, og sammenheng mellom Framsikt, Visma og vedtatt budsjett.

Identifiserte risikoer 2020 forts.

Overførings-/ salgsområdet

- ▶ Gjennomgang av gamle fordringer og tapsvurderinger

Innkjøp-/kostnadsområdet

- ▶ Periodisering i forbindelse med årsskiftet (gjennomgang av ubehandlede inngående fakturaer, tvister mm. i faktureringsmodulen).
- ▶ Klassifisering gjeld/ fordring i balansen

Investeringsområdet

- ▶ Skille drift/investering, utgangspunkt i KRS 4

Identifiserte risikoer 2020 forts.

Lønnsområdet

- ▶ Bruk av rene aga- og oppgavepliktige konti
- ▶ Løpende avstemming av lønn mot regnskap m/ dokumentasjon av dette
- ▶ Opprydding av balanseposter
- ▶ Dokumentasjon/ vedlegg for reiseregninger

Finansområdet

- ▶ Beregning av minsteavdrag per budsjett- og regnskapsenhet
- ▶ Strukturering av gjeldsportefølje med årlige forfall, slik at det årlig nedbetales et beløp tilsvarende minimumsavdraget

Foreløpig anslått risiko kommune (før kontrolltesting) - styrer art/omfang

Områder	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon	
Virksomhetsstyring		Høy
Salgsområdet		Lav/middels
Innkjøp		Middels
Driftsmidler		Middels/høy
Lønnsområdet		Lav/middels
Overføringsområdet		Lav/middels
Finansområdet		Høy

Risikoområder ÅKE - styrer art/omfang

Områder	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon	
Virksomhetsstyring		Middels
Husleieinntekter		Middels/Lav
Innkjøp		Lav/Middels
Driftsmidler		Høy
Lønnsområdet		Lav
Overføringsområdet		Lav
Finansområdet		Middels

VEDLEGG

Vesentlighet og revisjonstilnærming per område


ÅLESUND KOMMUNE

Vesentlighet

11

- ▶ Vesentlighetsbegrepet
 - ▶ Det nivået av feilinformasjon som vi tror vil påvirke beslutningene til brukerne av regnskapet
- ▶ Referanseverdi for beregning
 - ▶ Vi benytter fortrinnsvis mellom 0,5 – 1% av budsjetterte driftskostnader som grunnlag
 - ▶ Andre parameter blir også vurdert
- ▶ Arbeidsvesentlighet
 - ▶ For å kunne respondere på aggregert risiko, har vi prosedyrer for å oppdage feilinformasjon på et lavere nivå (arbeidsvesentlighet)
 - ▶ Vi benytter mellom 50 - 75% av total vesentlighet som arbeidsvesentlighet
- ▶ Grense for rapportering
 - ▶ Vi benytter mellom 1 – 5% av total vesentlighet som rapporteringsgrense til ledelse og kontrollutvalg

EN FEIL ER IKKE EN FEIL!



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Risikovurdering og angrepsvinkel

$$(\text{Iboende risiko} * \text{Kontrollrisiko}) * \text{Oppdagelsesrisiko} = \textbf{Revisjonsrisiko}$$

Interim:

Vi kartlegger iboende risiko og planlegger handlinger ut fra iboende risiko, og forventet kontrollrisiko.

Test av kontroller for å bekrefte forventet kontrollrisiko

Årsoppgjør:

Vi dekker inn så mye som mulig av gjenstående revisjonsrisiko gjennom substanshandlinger (reduserer oppdagelsesrisiko)

Revisjonstilnærming-Regnskapsrapportering

Virksomhetsstyring

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponeringer/avslutning og strykninger
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Høy anslått risiko:

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarlig over tid.

Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Utskiftning av nøkkelpersonell. Avvik vedr. Tilgangstyring Visma i 2020.

Test av kontroller (interim):

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering til kommunestyret
- Test av generelle IT-kontroller

Substanshandlinger:

- Kontroll av årsoppgjørdisponeringer
- Regnskapsoversikter henger sammen
- Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet
- Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)
- Budsjettkontroll
- Kontroll av årsmeldingen
- Avsluttende analytiske kontroll

Revisjonstilnærming - Salg

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift • Selvkost	Lav/middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Risiko ligger likevel i anslagsposter/periodiseringer og høyt transaksjonsvolum. Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll og/eller detaljtester <i>Balanseposter:</i> • Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser) • Totalavstemming av ordinær merverdiavgift

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøps / kostnadsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting): Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene.
- Periodisering (herunder etterberegning av anslagsposteringer)

Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

Revisjonstilnærming - Investeringer

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv)
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels/høy anslått risiko (før kontrolltesting): Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Oppfølging av de største investeringsprosjektene
- Avstemme anleggskartotek mot hovedbok
- Vurdering av levetid/avskrivningstid
- Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim) - **2022 før budsjettbehandling**
- Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene (samt attestasjon prosjektrekskap)

Revisjonstilnærming - Lønnskostnader

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav/middels anslått risiko (før kontrolltesting): Rutinemessige månedelige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse.

Test av kontroller (interim):

- Attestasjon og anvisning av timer
- Attestasjon og anvisning av reiseregninger – herunder manuelle reiseregninger/utgiftsrefusjoner
- Etterkontrollerte lønningslister?

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Gjennomgang av kontrolloppstilling og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepenger, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerefusjoner
- Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter
- Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav/middels anslått risiko:

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskuddsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år.

Substanshandlinger:

- Totalavstemming av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt
- Analytisk kontroll av eiendomsskatt
- Detaljtesting av andre overføringsinntekter
- Analyser/detaljtester av overføringsutgifter

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Høy anslått risiko (før kontrolltesting): Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming
- Dobbel godkjenning av betalingstransaksjoner
- Behandling av eierskapsmelding

Substanshandlinger:

- Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (bank, rente, aksjer, utbytte etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning.
- Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)


Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger (forts):

- Påse at gjeld og utlån er i henhold til eksterne bekreftelser
- Etterberegning av minimumsavdrag
- Påse at kretsløpavstemmingene henger sammen (herunder kapitalkonto)
- Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti
- Etterlevelse av finansreglementet (særattestasjon)



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 36/21	Ålesund kontrollutval	20.10.2021

Medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT for Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet rår Ålesund kommune til å teikne medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT.

Bakgrunn:

Forum for kontroll og tilsyn FKT har henvendt seg til Ålesund kommune og invitert kommunen til å vurdere medlemskap i forumet. Ordføraren ber kontrollutvalet om å gje ei tilråding på om kontrollutvalet ser det som formålstenleg at kommunen tegnar medlemskap.

FKT seier om seg sjølve at dei meiner det er avgjerande for eit velfungerande lokaldemokrati at politikarane er aktive og engasjerte i samfunnsoppdraget til kontrollutvalet. Derfor må kontrollutvala få høve til å vera direkte representert i ein organisasjon som kan ta vare på utvalet si rolle og funksjon i det kommunale eigenkontrollsystemet og tale kontrollutvalet si sak ovanfor sentrale myndigheiter. Styret i FKT er derfor sammensatt med lik fordeling av politikere og kontrollutvalgssekretærer.

FKT vart stifta 22. november 2005. Organisasjonen har i dag over 200 medlemmer inkludert 21 sekretariat. FKT har eit eige sekretariat med ein generalsekretær lokalisert i Oslo.

Dei tilbyr:

- Løpande råd og veiledning
- Konferansar: Kvart år arrangerer dei ein fagkonferanse og ein sekretariatskonferanse. I 2020 starta dei opp Kontrollutvalsleiaraskulen. Dei tilbyr også andre kurs.
